

**MØTEPROTOKOLL****Møre bispedømeråd 2016-2019****Dato:** 28.09.2018 kl. 10:00**Sted:** Møre bispedømekontor**Arkivsak:** 17/00414

Tilstede: Ann-Kristin Sørvik, Maren Jenssen, Frode Rabbevåg, Olav Myklebust, Rikke Kopperstad

Møtende
varamedlemmer:

Forfall: Therese Utgård, Ole Martin Grevstad

Andre:

SAKSLISTE **Side****Godkjenning av innkalling og saksliste**

<u>46/18</u>		2
------------------------------	--	---

Godkjenning av protokoll

<u>47/18</u>	Møteprotokoll BDR 11.06.2018	2
------------------------------	------------------------------	---

Tilsettingssaker**Saker til behandling**

<u>48/18</u>	Rekneskap 31.07.2018	3
------------------------------	----------------------	---

<u>49/18</u>	Prestebustadar med særleg kulturhistorisk verdi i Møre bispedømme.	3
------------------------------	--	---

<u>50/18</u>	Visjonsdokument Møre 2019 - 2021	4
------------------------------	----------------------------------	---

<u>51/18</u>	Strategi og handlingsplan 2019 -2021	5
------------------------------	--------------------------------------	---

Orienteringssaker

<u>52/18</u>	Orienteringssaker BDR 28.09.2018	6
------------------------------	----------------------------------	---

28.09.2018

Godkjenning av innkalling og saksliste

46/18 Innkalling Møre bispedømeråd 28.09.2018

Møtebehandling

- viktig at rådet held fast på vedteken møteplan.
- når det er få saker til behandling, er det fint å bruke tid på samtalesaker og drøftingar.
- synspunkt og innspel til saksbehandlar bør skje til postmottak. Då sikrar ein saksbehandling når saksbehandlar ikkje er tilgjengelig
- nye orienteringssaker ble meldt ved møtestart og føres inn i protokoll

Votering

Vedtak

Innkalling godkjent.

[Lagre]

Godkjenning av protokoll

47/18 Møteprotokoll BDR 11.06.2018

Forslag til vedtak

Protokoll frå møte 3/5-18 vert godkjent.

Møtebehandling

Feil i protokoll fra sak 40/18. Møtehandsaminga sitt forslag til endring av pk. 1 i forslag til vedtak, er ikke reflektert i vedtaksordlyd.
Andre unøyaktigheter i protokoll rettes.

Votering

Vedtak

Møre bispedøme godkjenner protokoll med dei merknader som kom fram i møtet.

[Lagre]

Tilsettingssaker

Saker til behandling

48/18 Rekneskap 31.07.2018

Forslag til vedtak

Møre bispedømeråd tek rekneskapen pr. 31.07.2018 til vitande.

Møtebehandling

Saksordførar: Frode Rabbevåg

Votering

samrøystes

Vedtak

Møre bispedømeråd tek rekneskapen pr. 31.07.2018 til vitande.

[Lagre]

49/18 Prestebustader med særleg kulturhistorisk verdi i Møre bispedømme.

Forslag til vedtak

1. Møre bispedømeråd opphevar vedtaket frå 2015 om at dei 4 bustadane Surnadal, Giske, Ulstein og Ørsta skal takast vare på som kulturminne av Ovf.
2. Møre bispedømeråd tilrår at Ulstein og Ørsta prestebustader kan fristilast som prestebustadar og seljast på den frie bustadmarknaden.

Møtebehandling

Saksordførar: Olav Rønneberg

Samtale om alle dei endringar bortfall av buplikt har ført til sidan ordninga blei avviklinga.

Forslag til endring

Dei fire siste orda i pk. 2 blir strokne

Votering

Forslag til endring blei samråystes vedtatt

Vedtak

1. Møre bispedømeråd opphevar vedtaket frå 2015 om at de 4 bustadane Surnadal, Giske, Ulstein og Ørsta skal takast vare på som kulturminne av Ovf.
2. Møre bispedømeråd tilrår at Ulstein og Ørsta prestebustader kan fristilast som prestebustadar og seljast.

[Lagre]

50/18 Visjonsdokument Møre 2019 - 2021

Forslag til vedtak

Møre bispedømeråd ber om at innspel frå samtalen i rådet blir lagt til grunn i vidare utforming av nytt visjonsdokument for Møre bispedøme.

Møtebehandling

Saksordførar: Rikke Kopperstad

Samtale

- Viktig at dei 3 nye punkta i Dnk sitt nye visjonsdokumentet blir reflektert når Møre bispedøme sitt visjonsdokument skal fornyast.
- Ønskjeleg at bispedømet legg det grafiske uttrykket i eksisterande visjonsdokument til grunn for nytt dokument
- Innhold og språk i vindauge på eksisterande visjonsdokument kan reflektere fleire av dei nye punkta i Dnk sitt visjonsdokument.
- Punkta «trygge rom» og «kyrkja har ein demokratisk og vel-fungerande organisasjon» kan reflekterast gjennom eit tydlegare grafisk uttrykk av kyrkja sin grunnmur og gjennom ein fornya gjennomgang av ordlyden nedst i dokumentet.

Votering

Samråystes

Vedtak

Møre bispedømeråd ber om at innspel frå samtalen i rådet blir lagt til grunn i vidare utforming av nytt visjonsdokument for Møre bispedøme.

51/18 Strategi og handlingsplan 2019 -2021

Forslag til vedtak

Møre bispedømeråd sine innspel frå første handsaming av ny Strategi- og handlingsplan blir lagt til grunn for vidare planarbeid.

Møtebehandling

Saksordførar: Olav Myklebust

Samtale

- Det er viktig at strategiplanen forpliktar. Dei ulike punkta i planen bør være detaljerte og kommunisere med planverket til Dnk.
- Det er viktigare å gi verktøykassehjelp til kyrkjelydane enn at ein krev omfattande planverk på alle område.
- Pilegrimstanken og Kystpilegrimsleia må bli reflektert i planen.
- Kyrkjelyd og misjon lyt reflekterast i planen
- Kunst og kultur lyt få tydleg plass i planen gjennom å invitere til fornya bruk av kyrkjerom og kyrkja sin musikk og salmar
- Planen bør reflektere kyrkja sitt samfunnsengasjement, og identifisere nye møtestadar i folkekyrkja
- Visjonen om å skape «trygge rom» bør konkretiserast gjennom støtte til organisasjonar som «Kirkens bymisjon» og «Kirkens SOS»
- Boka sitt år bør gi fornya fokus på bibelbruk i alle bispedøme! Tiltak som fremjar bibelglede må få fokus. Gode arenaer er å formidle meir bibelstoff og bibelglede i ei fast spalte på heimesida, stimulere til auka fokus på bibeldagen.
- Fokus på identitet framfor aktivitet
- Korleis kan ein styrke 18+ vindauge?
- Viktig å gi kyrkjelydane livsnær og praktisk hjelp, fint med ei god verktøykasse som kan fremje enkle tiltak og som kan gi frivillige frimot til teneste.

Votering

samrøystes

Vedtak

Møre bispedømeråd sine innspel frå første handsaming av ny Strategi- og handlingsplan blir lagt til grunn for vidare planarbeid.

[Lagre]

Orienteringssaker

Saksnr.	Arkivsak	Tittel
52/18	17/00414-78	Orienteringssaker BDR 28.09.2018

- Orienteringar frå Møre bispedøme sin repr. i kyrkjerådet
- Orientering frå feiring av Møre bispedøme 35år/biskop Ingeborg 10år.
- Orientering om status for kyrkjeval 2019 og om engasjement av rådgivar kyrkjeval 2019.
- Orientering om framlegging av Effektiviseringsutvalet sine delrapportar, om korleis rapportane pregar arbeidet på bispedømekontoret og om varsla reaksjon på administrasjonen sin presentasjon av rapportane frå tilsette ved bispedømekontoret.
- Orientering om høyring i sak om fordelingsnøkkel av presteressursar mellom bispedømeråda.
- Presentasjon av rekrutteringsprosjektet «Konfirmantteam»
 - o Tydelege innspel frå bispedømerådet til det vidare arbeidet
 - o Bispedømerådet ber om at kateketfagleg kompetanse blir konsultert i prosjektgruppa sitt vidare arbeid.

Referatsaker

Saksnr.	Arkivsak	Tittel
53/18	17/00414-77	Referatsaker Møre bdr 28.09.2018